

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Trondheim, 30.11.2023

Dykkar ref.:  
778075e4-e341-4b93-98c1-4f9e977ef194

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2017/4137

Sakshandsamar:  
Egil Roll

## Fastsetjing av utgreiingsprogram i samband med verneforslag for Sognefjorden

Vi viser til Statsforvaltarens brev 20.09.23 med oversending av forslag til utgreiingsprogram og merknadshefte.

Ifølgje forskrift om konsekvensutredninger § 16, jf. Vedlegg I pkt. 29, skal utredningsprogrammet fastsettast av Miljødirektoratet.

### Rammer for utgreiing

Vi ber om at ei tilvising til Miljødirektoratets handbok om konsekvensutgreiing av klima og miljø tas inn i kapittel 2.1 og 4.2.

### Sentrale reglar i naturmangfaldlova

Det vart meldt oppstart av planarbeidet for Sognefjorden i desember 2022. Dermed gjeld *naturmangfaldlova § 44 (tiltak ved igangsett sakshandsaming)* for utgreiingsområdet. Dette inneber at eit forvaltingsorgan utan vidare kan avslå ein søknad om løyve mv. til eit tiltak som ligg innanfor verneforslaget. Løyve kan berre gis dersom tiltaket er utan nemneverdig betydning for forslaget. Det er viktig at dette blir godt kommunisert til kommunane og andre forvaltningsorgan som handsamar søknader mv. Vi ber om at § 44 omtalast innleiingsvis i kapittel 1 og i kapittel 3.2.1 i utgreiingsprogrammet.

I forslaget til utgreiingsprogram omtalast også tiltak utanfor utgreiingsområdet, m.a. vasskraftutbygging. Ei verneforskrift gjeld berre innanfor verneområdets avgrensing. For utanforliggende verksemd som kan medføre skade inn i eit verneområde, gjeld *naturmangfaldlova § 49 (utanforliggende verksemd som kan medføre skade inn i eit verneområde)*. Vedkommande sektormyndede skal da vurdere omsynet til verneverdiane. Dette bør omtalast i utgreiingsprogrammet.

I forslaget til utgreiingsprogram omtalast *spesifiserte dispensasjonsreglar*, dvs. tiltak som forvaltningsstyresmakta kan gi dispensasjon til. Formuleringa "kan etter søknad gje dispensasjon til" i verneforskrifter, betyr ikkje at forvaltningsstyresmakta skal gi dispensasjon, men at forvaltningsstyresmakta kan vurdere om ein søknad gjer grunnlag for dispensasjon.

Det er berre aktiviteten eller tiltaket som direkte følgjer av den aktuelle dispensasjonsregelen det kan gis dispensasjon til. Sjølv om eit tiltak det er søkt om er innanfor ramma av ein spesifisert dispensasjonsregel, må det likevel gjerast ei sjølvstendig vurdering av om ein skal gje dispensasjon i einskildtilfelle. Sjølv om ordlyden i regelen er det klare utgangspunktet for tolkinga, må dispensasjonen også vurderast i lys av verneføremålet, naturforholda i området, lokalisering innanfor området, teknologi, storleik/omfang av tiltak mv. I tillegg vil mellom anna forarbeid til vernet og forvaltingspraksis vera sentrale tolkingsmoment.

Vi ber om at tekst om naturmangfaldlova §§ 47, 48 og 49, samt spesifiserte dispensasjonsreglar, tas inn i kapittel 3.2.1. Her bør det også visast til Miljødirektoratets rundskriv om forvaltning av verneforskrifter: <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/M106/M106.pdf>

## Verneføremål

Verneføremålet er omtalt i kap. 3.2.2. Vi ber om at Statsforvaltaren vurderer om også geologiske forhold bør tas med som et element i det skisserte verneføremålet, og at dette blir utgreidd i den vidare prosessen. Av naturmangfaldlova § 39 (marine verneområde), følgjer det m.a. at område som utgjer ein spesiell geologisk førekomst kan vernast.

## Aktuelle restriksjonar som skal greiast ut

Aktuelle restriksjonar er summert opp i tabellen i kapittel 3.2.4.

Det kjem fram at forbod mot ankring av skip over 15 meter, med mindre det skjer på etablerte ankringsområde der kartlegging syner at det ikkje er sårbart naturmangfald, skal greiast ut. Vi ber om at ei alternativ løysing der forbod mot ankring for skip over 15 meter avgrensast til område med spesielt sårbart naturmangfald, også blir utgreidd.

Der bør også vurderast om det skal være ein spesifisert dispensasjonsregel for vitskapelege undersøkingar, og vi ber om at det tas inn i tabellen at det skal greiast ut om det bør være ein slik regel, jf. det skisserte verneføremålet kor det står at området skal kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking. Nokre former for vitskapelege undersøkingar vil kunne vere i strid med forboda i § 3 i verneforskrifta, mens andre vil kunne gjennomførast utan at det er nødvendig å søke. Dette gjelder t.d. gjennomføring av videoopptak, som ikkje omfattast av forboda i § 3. Ein slik dispensasjonsregel regel inngår i verneforskrifta for Rauerfjorden marine verneområde.

I marine verneområde er vernet ikkje til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande anlegg og innretningar. Som vedlikehald blir rekna nødvendige tiltak eller arbeider for å halde oppe noverande eller tidlegare tilstand. Ombygging eller utviding reknast ikkje som vedlikehald. Vi presiserer at unnataket for drift og vedlikehald av eksisterande anlegg og innretningar berre gjeld for anlegg og innretningar som ligg innanfor verneområdet sine grenser. Etter dette må det til dømes leggjast til grunn at dette unnataket ikkje vil gjelde for dumping av massar frå arbeid på vegar utanfor verneområdet.

Vi viser elles til vedlagte PDF-fil med endringar, presiseringar og suppleringar i tabellen. Vi har gjort endringar for å harmonisere det som står i tabellen med vedtekne verneforskrifter.

## Alternativ som skal greiast ut

Vi ber om at det i kapittel 5 skiljast klarare mellom delområde kor det er aktuelt å vurdere om de skal være med i verneforslaget eller ikkje, og delområde kor det kan være aktuelt med strengare restriksjonar.

## Eksisterande verneområde

Fleire eksisterande verneområde ligg innanfor utgreiingsområdet, og spørsmålet om overlapping mellom eksisterande vern og marint vern er tatt opp i forslaget til utgreiingsprogram. Det ligg ikkje i oppdraget å greie ut ev. endringar i vedtekne verneforskrifter, men det er aktuelt å greie ut eit overlappende vern. Det skal greiast ut om eksisterande vern sikrar det undersjøiske naturmangfaldet slik at de marine verneverdiane ivaretakast på en god måte. Ved overlapping mellom marint vern og anna vern etter naturmangfoldlova, vil det være to sett med verneforskrifter som gjeld. Generelt vil det være slik at de strengaste reglane leggst til grunn, t.d. ved handsaming av dispensasjonssøknader.

## Avslutning

Vi ber også om at Statsforvaltaren kontrollerer at Statsforvaltarens vurderingar i merknadsheftet samsvarer med det som blir ståande i utgreiingsprogrammet ved endring av merknadsheftet.

Vi viser elles til Statsforvaltarens e-post 09.11.23, med oversending av brev 19.10.23 frå Bjarne Meel. I det skisserte verneføremålet i utgreiingsprogrammet inngår formuleringa "økologisk funksjonsområde for ville anadrome laksefiskstammer." Vi understrekar at det ikkje betyr at utfordringar knytt til lakselus, genetisk forureining og pukcellaks, skal løysast gjennom etablering av eit marint verneområde og forvaltinga av det. Det er etablert eigne forvaltingsordningar for å handtere desse utfordringane, der forvaltinga skjer etter anna regelverk. Ei verneforskrift vil gjelde side om side med anna regelverk. Meel kommenterer også opplysingar i forslaget til utgreiingsprogram om bestanden av sjøaure. Vi ber Statsforvaltaren vurdere om det er grunnlag for å endre på dette.

Vi viser til vedlagte PDF-fil med våre endringar, presiseringar og suppleringar i forslaget til utgreiingsprogram.

Med merknadene og justeringane ovanfor, fastsett Miljødirektoratet utgreiingsprogrammet, medrekna utgreiingar utover det KU-forskrifta set krav om.

Vi ber Statsforvaltaren sørge for at dei som har gitt innspel, blir gjort kjent med det fastsette utgreiingsprogrammet.

Helsing  
Miljødirektoratet

*Dette dokumentet er elektronisk godkjend*

Terje Qvam

Egil Roll

seksjonsleder

seniorrådgiver

Vedlegg: PDF-fil med korrektur.